

ARSMELDING 1991

Arbeidet og aktivitetane i laget har i stor grad vore knytt til laget si leirduebane opå Kleppa. I 1991 har laget på dugnad fått jamna til nedslagsfeltet for leirduene og fått bygt overbygg over standplassane. Vi har no fått ei god bane og ein fin møteplass for laget sine medlemmar.

Fiskeutvalet har og kome godt i gong og arbeider no med fleire interessante prosjekt. Vier ellers til utvalet sin melding.

Medlemstalet i 1991 har auka med 27 og er no på 99.

For første gong starta laget i år opp med skyteinstruksjon for laget sine juniorar. Laget kjøpte inn ei hagle for dette formålet. Dei fyrste gongene var 8 juniorar med, men når sesongen starta opp for alvor fall dei fleste frå. Den fyrste månaden med instruksjon hadde juniorane gratis skot og duer, seinare fekk dei kjøpa skota. For å få fleire juniorar med, er dette eit tiltak som vi må halde fram med og marknadsføre betre. Laget sine jegerinstruktørar har også i 1991 halde kurs for nybyrgjarar. I år var det 10 stk som fullførde kurset.

Sponsorar: Sogn Tavle og Datamontering
Sparebanken Sogn og Fjordane
Kurt Langeteig Byggjefirma.

Økonomien i laget er god, jfr. rekneskapen.

Stemner/resultat:

L.J.F.L. har arrangert 3 stemner i 91, ei av desse var uttakingstemne til landskampen Noreg Sverige.

Laget sine medlemmar har delteke på mange stemner over heile fylket, også utanfor fylket har laget vore representert og med godt resultat. Kurt Langeteig har skote seg opp landstoppen i leirdueskyting, og han vann og NM i pressskyting. Kurt vart ialt stemnevinnar 13 gonger.

Beretta cup i Brunlanes: Til dette stemnet hadde 3 frå vårt lag kvalifisert seg.

Resultat: Kurt Langeteig nr. 4
Nils Olav Langeteig nr.14
Odd Reksnes " 19

Det var omlag 70 stk frå heile landet som hadde kvalifisert seg til dette stemnet.

Resultat Beretta team: Nr. 1 Kurt Langeteig, nr. 9 Odd Reksnes.

NM på Jæren: For våre skyttarar starta NM heller dårleg, under skytinga var det sterk vind, men Ingmar Moum skaut likevel så godt at han fekk premie i hovudskytinga.

Press: Nr. 1 og noregsmeister: Kurt Langeteig.
Ellers kvalifisert Kurt seg 4 , Odd 2 og Jarle 1 gong til ulike kveldsfinalar.

ÅRSMELDING FRÅ FISKEUTVALET 1991

I fiskeutvalet vart det halde 3 møte i 1991. Utvalet hadde som mål for året å auke aktivitetane og tilboda for fiskeinteresserte i laget og bygda. Som nytt tiltak vart det arrangert sjøfiskekonkurranse laurdag 13. april, kalla VÅRSPRETTEN. Vi karakteriserar dette som vellukka, med overraskande god deltaking. 50 prøvde fiskelukka mellom Fatlaelva og Hella. Bjørnar Marøy fekk den største fisken på 4350 gr. og mest totalt med 5165 gr. Ivar Ness vart nr. 2 med 5150 gr. og Jan Tore Fedje nr. 3 med 4218 gr. Vidare vart Arve Lysne nr. 4 med 2400 gr. og Øyvind Njøs nr. 5 med 2075 gr.

Anna Fjøsne vann dameklassa med 1275 gr. totalt. Gro Linde vart nr. 2 med 112 gr.

Torgeir, Dagfinn og Svein Inge Henjum vann familieklassa med ialt 1117 gr. med fam. Odd Reksnes (hakk i hel) på 2. plass med 415 gr.

Det er sett opp vandrepokal for største fisk. Denne kan vinnast etter 3 napp! Elles er det premiering i dei einskilde klassene for størst fangst.

Responser til arrangementet var så positiv at vi meiner dette bør bli eit årvisst tiltak, men som bør avviklast litt seinare i april. For å hindre samanblanding med skytearrangement vil det heretter heite: VÅRSPRELLEN !

Fiskekonkurransen på Fjarlandsete vart avvikla siste helga i juli.

Omlag 30 stk. var med. Denne gongen var dei sosiale aktivitetane samla på selbøen på Fjarlandsete laurdagskvelden. Her samlast både fiskarar og hytteeigarar til triveleg grilling av kjekjøtt/fisk.

Ivar Ness fekk mest fisk, ca. 30 stk. Terje Henjum fekk største fisken på 430 gr.

Hilde Valvik vann dameklassa med 210 gr.

Det vart ikkje konkurrert i flugeklassa.

Utvalet har i 1991 gått gjennom dei gamle dokumenta vedkomande fiskerettane i nedre del av Henjaelva. Her har teknisk etat og ikkje minst tidlegare tekn. sjef Kåre Risnes vore til stor hjelp.

Utvalet vil prøve å få til fiskekort-ordning for strekninga frå sjøen og til dammen ved "Lakshøl", ca. 600 m, frå sesongen 1992.


Formålet er å gje like tilhøve for alle som vil fiske, gjennom ordna reglar, men til ein rimeleg pris. Det vil kunne påføre laget og medlemmane visse plikter og ansvar å styre ein slik rett. Inntekter frå kortsal skal gå til kultiveringstiltak.

Det er gjeve førehandssignal om dispsisjonsrett frå dei to største "eigarane" av elveretten.
L. J. Røysum har sagt ja til sal av kort.
Fyrst på 1992 må laget fullføre forhandlingar (og kontrakt) med eigarane og sette opp regelverk for fisket.

Kultivering av fjellvatn i kommunen må verte eit samarbeid med grunneigarlaget.
Dette arbeidet vart ikkje prioritert i 1991, men det er fleire vatn som med visse tiltak vil kunne bli interessante fiskeplassar.
Slike tiltak kan m.a. få støtte frå Direktoratet for naturforvaltning, DN.

Det er mange dyktige og fiskeinteresserte ungdomar som ikkje er medlemmer i LJF.
Utvalet ser på rekruttering til laget som ei viktig oppgåve for framtida som må prioriterast meir.
Vi vonar fiske- og kultiveringstiltak kan vere trekkplaster i så måte.

For fiskeutvalet



Kolbjørn Nord
(form..)



Vårt banksamband:



Knto: 3781 07 30 251

Utgifter		
Annonser	2166.30	
Kurs/møter	5500.00	
Overbygg standplass	9348.82	
Premiar	17235.60	
Leige, Kleppa	890.00	
Støtte CT/kreftforen.	800.00	
Fraktutgifter	1198.00	
Oppgjør lånekonto	14880.59	
Renter-lån-gebyr	3669.74	
Kjøp hagle	4500.00	
Overtreksdrakter	1917.60	
Tøyemblemer	1831.00	
Erik's Våpenteknikk	22421.00	
Kioskvarer	4054.60	
Plastemblemer	2775.00	
Andre utg.	3785.60	
Sum utgifter	96973.85	
		Inntekter
Sal skot		13332.50
Sponsorinntekter		15000.00
Loddsal		1000.00
Kontigentoppgjør		3480.00
Inntekt stemmer/treningar		72956.00
Sjøfiskekonkurransen		1500.00
Renteinntekter		2478.00
Jegerprøven		1320.00
Dugnad		2500.00
Sal skytehansker		2800.00
Opphør konto, post		1366.10
Del av sal premiar		6068.00
Sum inntekter		123800.60
Overskot	96973.85	123800.60
	26826.75	
	123800.60	123800.60

Aktiva pr. 31.12.91	
Sparebanken Sogn og Fjordane	45220.37
Skot-duer-premiar	28581.50
Emblemer/merker	3673.00
Bygg/anlegg	38000.00
Kastar m/utstyr	31000.00

Eigen del 146474.87

31.12.91 - 21.2.92

Odd Reksnes
Odd Reksnes

Årsmøte 14/2 - 1992

Det møtte 22 medlemmer på møtet.

Kurt Langeberg leia møtet

Svein Inge Lundheim og Svein Inge Hennings vant valde til å underskrive møteprotokollen.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Årsmeldinga vart godkjent. Det vart òg eit par spørsmål om ei øken som hadde fiskerett i nedre del av Henningsa.

Val :	Nestformann :	Kjell Erik Strand	2 år
	Kasserer :	Odd Reksnes	---
	Styremedlem :	Nils Olav Langeberg	---

Formann i jaktutval :	Svein Inge Lundheim	2 år
Medlem — . — :	Kurt Langeberg	---
" " " :	Ivar Fagerheim	1 år

Fiskerutval

Medlem :	Johan Bonchus	2 år
Varamann :	Per Olav Hennings	---

Kurt Langeberg vart overlevert ein ganesjekk på kr. 500,- for NM tittelen i hopshytting. Jon Magne Bergkvam og Kristian Nord fekk kvar sine "250 skot" for utvint vinteren for lindneshtytting.

Svein Inge Lundheim

Svein Inge Hennings